



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ørjan Moldestad, 5557 2103

Om bruk av tvang i skuletida - Helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 og Opplæringslova

Vi ber om at dette brevet formidlast til personen i kommunen med overordna fagleg ansvar for helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Statsforvaltaren viser til ei rekke førespurnader frå kommunar og fylkeskommunen i Vestland fylke, om bruk av tvang etter reglane i helse- og omsorgstenestelova (hol) kapittel 9 i skuletida for personar med diagnose utviklingshemming. Førespurnadene har mellom anna omfatta ansvarsområde, krav til førebyggjande tiltak og andre løysingar, og krav til gjennomføring.

Utdanningsdirektoratet utarbeida i 2018 ei «Veiledning – Bruk av nødrett/nødverge og andre inngripende tiltak i skolen». Denne er no utgått. Ny opplæringslov, gjeldande frå 1. august 2024, inneheld reglar om fysisk inngripen som gjeld både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Reglane finn ein i kapittel 13 i opplæringslova. Regelverket omfattar krav til førebygging, vilkår for bruk av fysiske inngrep, og krav til meldeplikt og dokumentasjon.

I Rundskriv IS/10-2015 går det fram at opplæringslova i seg sjølv ikkje er til hinder for at tiltak etter reglane i hol kapittel 9 kan gjennomførast også når eleven oppheld seg på skulen i skuletida. Føresetnadene er at tenestevedtak og kapittel 9 vedtak gjeld når eleven er på skulen, at skulen si leiing samtykker til at tiltaka kan gjennomførast i skuletida, at tiltaka vert gjennomført som ledd i tenester etter hol og at tiltaka vert gjennomført av personell frå helse- og omsorgstenesta.

Ansvar for og krav til vedtak

Helse- og omsorgstenestelova kapittel 9 opnar bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med utviklingshemming, som ledd i tenester etter hol § 3-2 nr. 6 bokstavane a-c og § 3-6 første avsnitt nr. 2, jf § 9-2 første avsnitt. Vedtak om bruk av tvang etter hol § 9-5 tredje ledd bokstav b og c skal treffast av den som har det overordna faglege ansvaret for tenesta, jf. hol § 9-7 andre ledd. Eleven sitt tenestevedtak og vedtak etter hol kapittel 9 må gjelde når eleven er på skulen, og leiinga i skulen må samtykke til at tiltaka kan gjennomførast i skuletida.



Prosessuelle reglar i hol kapittel 9 må vere oppfylt. Det inneber mellom anna at eleven og næraste pårørende/verje skal medverke, og spesialisthelsetenesta skal bistå i arbeidet med vedtak og gjennomføring av tiltak, jf. hol §§ 9-3 og 9-9 første ledd.

Vilkåra i kapittel 9

Etter hol § 9-1 er formålet med regelverket å hindre at personar med utviklingshemming utset seg sjølv eller andre for vesentleg skade, og å førebygge og avgrense bruk av tvang og makt. Etter § 9-5 kan tvang og makt berre nyttast der det er «faglig og etisk forsvarlig» og der føremålet er å «hindre eller begrense vesentlig skade». Tiltaket må «ikke gå lengre enn det som er nødvendig for formålet» og «stå i forhold til det formålet som skal ivaretas». Vidare må «andre løsnings» som hovudregel vere prøvd eller vurdert før tvangstiltaket vert sett i verk. § 9-6 stiller særlege grenser for bruk av skjerming og mekaniske tvangsmiddel som hindrar tenestemottakar sin rett til å røre seg.

Formålsparagrafen og vilkåra i lova vil alltid vere gjeldande ved bruk av tvang og makt etter reglane i kapittel 9, også når eleven er på skulen i skuletida.

Krav til gjennomføring

Ved gjennomføring av vedtak om tvang og makt er det krav om kvalifisert personale og to tenesteytarar til stades, jf. hol § 9-9 andre og tredje ledd. Statsforvaltaren kan gi dispensasjon frå utdanningskrav i særlege tilfelle, og gjere unntak frå kravet til to tenesteytarar til stades når det er til ugunst for eleven. Kommunen må grunngi kvifor det er til ugunst i vedtaket som sendast Statsforvaltaren, og det må gå fram av Statsforvaltaren si overprøving. Kommunen må i sitt vedtak om bruk av tvang og makt opplyse om kven som skal gjennomføre tvangstiltak overfor den enkelte elev.

Som hovudregel skal det vere to tenesteytarar til stades ved gjennomføring av tiltak med tvang og makt. Då det er helse- og omsorgstenesta i kommunen som er ansvarleg for tvangsbruken vil det også vere krav om at det er tilsette frå denne tenesta som gjennomfører tvangstiltaka. Det vil i slike situasjonar vere to tenesteytarar frå kommunal helse- og omsorgsteneste som gjennomfører tvangstiltak, og skuletilsette som gjennomfører det pedagogiske tilbodet.

Eit anna alternativ er at den eine av dei to som gjennomfører tvangstiltak er personell tilsett i skule. Kommunal helse- og omsorgsteneste er ansvarleg for tvangsbruken og må i slike høve gjere ei avtale med skulen si leing og personell som skal gjennomføre tvangstiltak. I avtalen må det kome fram at personellet i skulen er under kommunal helse- og omsorgsteneste si styring og kontroll ved gjennomføring av tvangstiltak, og at skulepersonellet mottek opplæring, instruksjon og rettleiing om tvangsbruken frå kommunal helse- og omsorgsteneste.

Ved denne løysinga vil det vere ei føresetnad at kommunal helse- og omsorgsteneste som ansvarleg for tvangsbruken, og Statsforvaltaren som tilsynsorgan, finn ordninga tilstrekkeleg og forsvarleg opp mot den ein skilde eleven og bruken av tvang.

Barnets beste

Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle saker som gjeld barn, jf. Grunnlova § 104 og FN's Barnekonvensjon art. 3. Det vil seie at det skal gjerast undersøkingar om kva som er til barnet sitt beste, og ein skal syte for at det er eit grunnleggjande omsyn i avgjerda som vert gjort.



CRPD sin artikkel 7 pålegg vidare alle å sjå til at barnets rettar vert oppfylt på lik linje for barn og unge med funksjonsnedsettingar.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen
fung. ass. seksjonsleiar

Ørjan Moldestad
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Helse Bergen HF Habiliteringsavdelingen for voksne	Postboks 1400	5021	BERGEN
Helse Bergen HF Habiliteringstjenesten for barn og unge	Postboks 1400	5021	BERGEN
Helse Førde HF Habiliteringstenesta for barn og unge	Postboks 1000	6807	FØRDE
Helse Førde HF Vaksenhabilitering	Postboks 1000	6807	FØRDE
Helse Fonna HF, Habiliteringstenesta	Postboks 2170	5504	HAUGESUND
Vestland fylkeskommune v/ Christopher Kelder	Postboks 7900	5020	BERGEN



Mottakarliste:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyrapllassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN



Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD